



TILLEGGS-MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtedato: 04.06.2014
Møtetid: 15:00 -
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

ordførar

TILLEGGS-SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
038/14	13/244	Interkommunalt barnevern - avtaleforslag frå rådmannen i Kvam	



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FA-F47, TI-&85
Arkivsaksnr: 13/244	Løpenr: 14/3235
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	04.06.2014	038/14	JEB

INTERKOMMUNALT BARNEVERN - AVTALEFORSLAG FRÅ RÅDMANNEN I KVAM

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert sendt utan tilråding frå rådmannen, men rådmannen vil eventuelt gje tilråding i møtet i formannskapet 04.06.2014.

Dokument som er vedlagt:

Forslag til avtale om barnevernssamarbeid
Saksutgreiing til Kvam heradsstyre 17.06.2014

Kva saka gjeld:

Kommunestyret vedtok i 2013 at barnevernstenestene i Samnanger skal organiserast i eit interkommunalt samarbeid. Rådmannen sende i oktober 2013 førespurnad til Bergen kommune, Fusa kommune, Kvam herad og Os kommune om interkommunalt barnevernssamarbeid med Samnanger. Det er berre Kvam som har sagt seg interessert i eit slikt samarbeid. Det vart sendt ny førespurnad til Bergen kommune i mai 2014, men det er ikkje klart kva tid Bergen kommune vil svara på denne førespurnaden.

Rådmannen mottok 28.05.2014 framlegg frå rådmannen i Kvam herad til avtale om samarbeid om barnevernstenesta, samt kopi av saksutgreiing til Kvam heradsstyre 17.06.2014. Begge desse dokumenta følgjer vedlagt.

I framlegget til avtale foreslår rådmannen i Kvam mellom anna følgjande:

- Det er ein føresetnad for inngåing av avtalen at Samnanger kommune i løpet av to år etablerer eit samarbeid med helsesøstertenesta, PPT og psykolog for barn og unge i eit samla Kvam Familie og Læringscenter (KFL).
- Samarbeidet mellom Samnanger og Kvam vil krevja minst to årsverk til direkte arbeid i barnevernstenesta samt ressursar som kan nyttast i KFL.
- Dei tilsette i barnevernstenesta i Samnanger vert framleis tilsett i Samnanger kommune, men alt fag- og personalansvar for dei tilsette ligg til Kvam herad v/barnevernsleiar.
- Dei tilsette skal ha kontorstad i Norheimsund, men Samnanger kan nyttast som kontorstad når det er naturleg knytt til oppfølging av enkeltsaker eller møte med samarbeidspartnarar i Samnanger.
- Samnanger kommune yter eit vederlag på 1,5 millionar kroner per år dei første to åra. Vederlaget må etter kvart fasast inn i drift og reduserast noko. Dette skal evaluerast etter 1,5 år.
- Ein del kostnader (utanom vederlaget på 1,5 millionar kroner) skal betalast av Samnanger kommune. Dette gjeld mellom anna alle kostnader til akuttsaker og kompetanseheving for tilsette, samt normalt også utgifter til juridisk bistand, rettleiing, sakkunnig utgreiing og anna type ekspertbistand.
- Avtalen har ein oppseiingsfrist på 6 månader. Avtalen skal reforhandlast etter 2 år.

Vurderingar og konsekvensar:

På grunn av at avtaleforslaget frå rådmannen i Kvam ikkje vart motteke før på kvelden onsdag 28.05.2014, har rådmannen i Samnanger enno ikkje hatt høve til å gå grundig gjennom forslaget. I samråd med ordføraren er det likevel bestemt å leggja dette fram som ekstrasak i formannskapet 04.06.2014 og i kommunestyret 18.06.2014. Rådmannen sine vurderingar vil verta lagt fram i formannskapsmøtet 04.06.2014.

Avtale om samarbeid mellom barnevernstenesta i Kvam herad og Samnanger kommune

1. Partar

Samnanger kommune og Kvam herad

2. Bakgrunn for avtalen

Kommunestyret i Samnanger vedtok den 5.3.2014 i sak 006/14 at barnevernstenesta i kommunen skal organiserast som ein del av eit større fagmiljø som sikrar kvalitet og gjev faglig utvikling. Kvam herad kan tilby eit større fagmiljø for dei tilsette gjennom Kvam Familie og Læringscenter (KFL), som barnevernstenesta er ein del av. Helsestasjon, kommunepsykolog for barn og unge og PPT er også ein del av KFL.

Ved at Samnanger kommune inngår samarbeidsavtale om barnevernstenester frå Kvam herad inneber det også kjøp av KFL-tenester. Det er ein føresetnad for inngåing av denne avtalen at Samnanger kommune i løpet av to år etablerer eit samarbeid med helsesøstertenesta, PPT og psykolog for barn og unge i eit samla KFL.

3. Føremål

Samarbeidet skal utføre dei oppgåvene kommunen har, jf. lov om barneverntjenester. Samarbeidet skal sikre innbyggjarane i Kvam og Samnanger ei forsvarleg, god og effektiv teneste som tilfredsstillar dei til ei kvar tid gjeldande krav, samt sikre stabilitet i tenestetilbodet. Dette skal ein oppnå ved eit større, meir robust og godt koordinert fagmiljø under ei felles leing.

4. Organisering og oppgaver

Barnevernstenesta for Samnanger kommune vert i si heilheit organisert av Kvam herad. Dette medfører at barnevernsleiar i Kvam herad også vil vere barnevernsleiar for Samnanger kommune. Det må ligge føre tilstrekkelege fullmakter frå kommunestyret i Samnanger og vera avklart at formannskapet i Samnanger må svara for vedtak fatta av barnevernstenesta i Kvam herad, i saker som høyrer til Samnanger kommune.

Barnevernsleiar i Kvam rapporterer til oppvekstsjefen i Kvam. Barnevernsleiar for Kvam er ansvarleg for at barnevernet i begge kommunane vert drive forsvarleg, og i tråd med gjeldande lover og retningsliner for tenesta.

I det daglege arbeidet rapporterer dei tilsette i Samnanger til barnevernsleiar i Kvam. Barnevernsleiar gjennomfører utviklingssamtalar o.l. etter gjeldande praksis i Kvam herad. Akuttsaker utover vanleg arbeidstid må handterast av politiet i dei respektive kommunane, jf. lov om barneverntjenester § 4-6.

5. **Personale** Samarbeidet mellom Samnanger og Kvam vil krevja minst to årsverk til direkte arbeid i barnevernstenesta samt ressursar som kan nyttast i KFL. Dei tilsette i barnevernstenesta i Samnanger vert framleis tilsett i Samnanger kommune. Alt fag- og

personalansvar for dei tilsette ligg til Kvam herad v/barnevernsleiar. Ved framtidig rekruttering for å løysa arbeidsoppgåver i Samnanger må Kvam herad og Samnanger kommune gjera avtale om tilsetjingsstad og tilsetjingsprosess.

Barnevernsleiar i Kvam vurderer behov for kompetanseheving i tråd med statlege føringar og interne kompetanseutviklingsplanar.

6. Lokalisering – lokale

Dei tilsette både i Samnanger og Kvam skal ha kontorstad i Norheimsund. Samnanger skal nyttast som kontorstad når det er naturleg knytt til oppfylgning av enkeltsaker eller møter med samarbeidspartar som td skule og barnehage.

Naudsynt arkivmateriale vil bli flytta til Kvam herad. Arkiv for Samnanger skal vera skilt frå arkivet i Kvam. Fjernarkiv vil framleis bli verande i Samnanger. Samnanger gjev naudsynt bistand for tilgang til dette og tilgang til systemet Acos barnevern.

7. Økonomi og rekneskap

Samnanger kommune yter eit vederlag på kr. 1.500.000,-, pr. år dei to fyrste åra. Vederlaget skal gå til å løysa felles oppgåver som t.d. leiingsressurs, merkantilressurs, økonomioppfølging, husleige, leasingbil, fagleg fellesskap, etablera samarbeidsrelasjonar og sikra ei god felles barnevernsteneste for begge kommunane. Vederlaget må etter kvart fasast inn i drift og kostnaden reduserast noko. Det skal evaluerast etter 1,5 år.

Vederlaget vert oppjustert årleg tilsvarande årslønsveksten i KS tariffområde. Første oppjustering i 2014 ut frå årslønsvekst i 2012-2013. Vederlaget skal betalast forskotsvis kvart halvår, 1/1 og 1/7. Korrigering for årslønsvekst fakturerast når statistikken er klar.

Årleg rapportering gjennom årsmelding skal leggast fram for kommunestyre i Samnanger som eiga sak kvar vår. Budsjettarbeid for kvart år skjer i samarbeid med rådmannen i Samnanger.

Direkte kostnader knytt til tiltak og vedtak vert betalt av Samnanger kommune om ikkje anna er avtalt. Dette er til dømes juridisk bistand, rettleiing, sakkyndig utredning og anna type ekspertbistand. Kostnader knytt til enkeltsaker skal dekkast innanfor tiltaksbudsjettet til Samnanger kommune. Vesentlige avvik som følgje av ekstraordinære tiltak skal drøftast mellom barnevernsleiar, oppvekstsjef og rådmannen i Samnanger.

Alle kostnader knytt til akuttsaker må dekkast direkte av Samnanger kommune. Ved akuttsaker der det er behov for å utvida den økonomiske ramma, skal barnevernsleiar informera oppvekstsjefen i Kvam og deretter ha direkte dialog med rådmannen i Samnanger.

Kostnader knytt til kompetanseheving for tilsette i Samnanger vert dekkta av Samnanger kommune.

8. Informasjon til innbyggjarane

Samnanger kommune informerer sine innbyggjarar om omorganisering av barnevernstenesta så snart samarbeidsavtalen er godkjent av partane. I den daglege drifta har Samnanger kommune ansvar for å gje publikumsretta informasjon til sine innbyggjarar. Samnanger vil på si heimeside, under fane for barnevern, lage ei lenke til Kvam herad si heimeside vedr. barnevernstenesta. Det må gå fram på denne heimesida at barnevernstenesta også vert utført på vegne av Samnanger kommune.

9. Evaluering

Partane har årleg statusmøte for å evaluere samarbeidsavtalen. Evalueringa set i fokus økonomi, ressursbehov, samarbeidsrelasjon og det faglege arbeidet. Kvam har ansvar for å kalla inn til dette. Behov for samarbeidsmøte utover dette er begge kommunar ansvarleg for å ta initiativ til.

10. Iverksetjing – endring – oppseiing

Denne avtalen gjeld frå det tidspunkt avtalen er vedteken i Kvam heradsstyre og Samnanger kommunestyre, og skal reforhandlast etter 2 år.

Avtalen kan endrast dersom krav om dette vert sett fram av ein av partane. Evt. endringar krev godkjenning i begge kommunane. Krav om endring skal vera skriftleg.

Avtalen har ein gjensidig oppseiingsfrist på seks månadar. Oppseiing skal vera skriftleg. Ved vesentlig misleghald av avtalen kan avtalen hevast.

11. Kontaktpersonar

Oppvekstsjef i Kvam herad
Barnevernstenesta i Kvam og Samnanger
Grovagjelet 16
5600 Norheimsund

Rådmannen i Samnanger kommune
Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Norheimsund / dato

Norheimsund / dato

Asbjørn Tolo
Ordførar
Kvam herad

Arild M. Steine
Rådmann
Kvam Herad

Samnanger / dato

Samnanger / dato

Marit Aase
Ordførar
Samnanger kommune

Tone Ramsli
Rådmann
Samnanger kommune

Denne avtalen vert skriven ut i 2-to eksemplar. Partane beheld kvar sin.

Kvam herad**Sakspapir**

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam heradsstyre	17.06.2014		ASSO

Avgjerd av:	Arkiv: N-016	Arkivsaknr
Saksh.: Astrid Ljones Fjærestad	Objekt:	13/1051 - 4

Samarbeidsavtale om barnevernstenester mellom Kvam herad og Samnanger kommune**Samandrag:**

Rådmannen i Samnanger, Tone Ramsli, tok i nov 2013 kontakt med Kvam herad etter eit vedtak som vart fatta i Samnanger kommune den 5.3.2014 i sak 006/14. Gjennom dette vedtaket har rådmannen bedt om at Kvam herad utarbeidar ein avtale som regulerer at barnevernsleiar i Kvam også er leiar for barnevernstenesta i Samnanger kommune.

Kommunestyret i Samnanger la vekt på at barnevernstenesta i kommunen skal organiserast som ein del av eit større fagmiljø som sikrar kvalitet og gjev fagleg utvikling. Kvam herad kan tilby eit større fagmiljø for dei tilsette gjennom Kvam Familie og Læringscenter (KFL), som barnevernstenesta er ein del av. Helsestasjon, kommunepsykolog for barn og unge og PPT er også ein del av KFL.

Kvam herad ynskjer å tilby Samnanger kommune eit samarbeid der ansvaret for barnevernstenesta vert lagt til Kvam, og at dei tilsette i Samnanger vert ein del av fagfellesskapet i Kvam. Dei to personala skal arbeida for å gje born, unge og familiar i begge kommunane eit fagleg forsvarleg og godt tilbod bygd på lovverk og retningslinjer.

Det er utarbeidd ein samarbeidsavtale som skal evaluerast etter 2 år og ny avtale skal då også omhandla eit heilskapleg samarbeid innanfor rammene av KFL, Kvam Familie og Læringscenter.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kvam heradstyre vedtek «Avtale om samarbeid mellom barnevernstenesta i Kvam herad og Samnanger kommune».
2. Avtalen skal reforhandlast innan to år ut frå ei evaluering av samarbeidet.
3. Avtale etter reforhandling skal omhandla vidare samarbeid med Barnevernet som ein integrert del av Kvam Familie og Læringscenter.

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Avtale om samarbeid mellom barnevernstenesta i Kvam herad og Samnanger kommune

Saksopplysningar:

Rådmannen i Samnanger, Tone Ramsli, tok i nov 2013 kontakt med Kvam herad etter eit vedtak som vart fatta i Samnanger kommune den 5.3.2014 i sak 006/14. På bakgrunn av dette ba rådmannen Kvam herad om å arbeida ut ein samarbeidsavtale slik at Kvam herad, ved leiar for barnevernet, kan ta ansvaret for barnevernstenesta i Samnanger kommune. Det har vore fleire møte for å avklara korleis eit slikt samarbeid kan organiserast best mogleg, og resultatet av dette arbeidet er regulert i vedlagte avtale.

Kvam herad ynskjer frå 1. august 2014 å gje Samnanger kommune eit heilskapleg tilbod om barnevernstenester. Dette inneber at Samnanger og Kvam kommunar skal ha eit godt og velfungerande tilbod for å trygga borns oppvekst og vilkår for god utvikling. Alle kommunar pliktar å ha ei barnevernsteneste og Kvam herad vil i regulert avtale ha dette ansvaret også for Samnanger kommune.

Kommunestyret i Samnanger la vekt på at barnevernstenesta i kommunen skal organiserast som ein del av eit større fagmiljø som sikrar kvalitet og gjev faglig utvikling. Kvam herad kan tilby eit større fagmiljø for dei tilsette gjennom Kvam Familie og Læringsssenter (KFL), som barnevernstenesta er ein del av. Helsestasjon, kommunepsykolog for barn og unge og PPT er også ein del av KFL.

For å kunna gje eit godt tilbod til born og foreldre, til kommunen og dei tenestetilboda kommunen har ansvaret for å gje, må barnevernet ha eit godt, fagleg fundament som gjev dei tilsette og brukarane trygghet for at arbeidet har høg kvalitet. Dei tilsette må ha eit fagmiljø som har fokus på vidare utvikling gjennom ny kunnskap, vidareføring av det som «fungerer godt pr i dag» og det må arbeidast systematisk i fagmiljøet for å stadig utvikla tenesta.

Ei velfungerande barnevernsteneste krev at dei tilsette må kjenna at dei har eit arbeidsmiljø der dei kan stå stødig saman og ha støtte i avgjerslene som vert tekne, vedtak som vert fatta. Å arbeida i denne tenesta er krevjande og det må setjast av tid til å "samkøyra" dei to personala i Kvam og Samnanger. Dei tilsette frå Samnanger må få god kjennskap og godt innblikk i korleis arbeidet er organisert i kvardagen og kva grunnfilosofi som er utgangspunkt for arbeidet i tenesta i Kvam kommune. I arbeidet med eit godt barnevern må kommunen arbeida for at dei tilsette opplever godt arbeidsmiljø og at dette viser seg i møte med brukarane og samarbeidspartar. Brukarane skal sjå ei teneste som har fokus på barns beste og heile tida arbeida for å gje borna og dei unge det som skal til for å gje dei kvardagsmeistring.

I Kvam er barnevernstenesta organisert i Kvam Familie og Læringsssenter, KFL.

Hovudmålgruppa i KFL er barn og unge i alderen 0 til 23 år. Senteret vil yta kommunale tenester med mål om å gje eit samordna og godt tverrfagleg tilbod til born, unge og deira familiar. Kommunen sitt primære helse- og sosialtilbod, fysisk og psykisk, inkludert retten til tilfredstillande opplæring i barnehage og skule retta mot barn, unge og deira familiar skal samordnast, samlokalisert og forankrast lokalt.

Målsetjinga for KFL er at familiarne skal møte ei heilskapleg og familiestøttande teneste i eitt og same hus der det skal arbeidast for å fremja trivsel og god helse hos barn, unge og deira familie, samt å styrka barn og unge si læring gjennom gode oppvekstvilkår. "Familien i fokus" står heilt sentralt i alt arbeidet i KFL.

Ved at Samnanger kommune inngår samarbeidsavtale om barnevernstenester frå Kvam herad inneber det også kjøp av KFL-tenester. Det er ein føresetnad for inngåing av denne avtalen at Samnanger kommune i løpet av to år etablerer eit samarbeid med helsesøstertenesta, PPT og psykolog for barn og unge i eit samla KFL.

Vurdering:

I 2013 hadde Fylkesmannen tilsyn med barnevernet i Kvam. Eitt av punkta det vart peika på var at barnevernet kunne styrkast ved å inngå interkommunale samarbeid for å styrka fagmiljøet ytterlegare. Når Kvam herad no ynskjer å ta ansvar for barnevertilbodet i Samnanger kommune, vil fagstaben utvidast, fagmiljøet vil styrkast og den samla ressursen vil verta betre.

Kvam herad ynskjer å gjera barnevernsarbeid endå meir synleg som ei førebyggjande teneste i kommunane, og samarbeidet vil kunna leggja til rette for dette. Gjennom avtalen og gjennom god dialog med dei tilsette i barnevernet i Kvam, kan me arbeida meir målretta med førebyggjande tiltak som grunnlag for godt arbeid i KFL.

Dei tilsette og deira representantar frå Fellesorganisasjonen og Fagforbundet har vore med i samtalar knytt til at kommunen no vel å inngå samarbeidsavtale med Samnanger. Dei vil også i fortsetjinga av arbeidet vera med og finna gode løysingar for arbeidet i barnevernstenesta.

Ut frå ei totalvurdering meiner me at Kvam herad er budd på å ta ansvar for å gje ei god barnevernsteneste til Kvam og Samnanger kommunar.